



EIDFJORD  
KOMMUNE

---

# RAPPORT FOLKEMØTER 2022

RULLERING AV  
KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL  
EIDFJORD KOMMUNE

---




Foto: Anne Kommedal

# Innleiing

Rapporten gjev ei oversikt over folkemøta gjennomført av Eidfjord kommune haust 2022 i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Innspela frå folkemøta er samla i stikkords form, som notert i referat frå møtet.

Nokre av innspela som går igjen på tvers av møtene:

- Leggja til rette for nytt bustadareal
- Sikra gang- og sykkelveg på langs og tvers i kommunen
- Ha tilgjengeleg næringsareal for næringsutvikling
- Vurdera situasjonen kring fritidsbustadbygging og behovet til fritidsbustadeigarane
- Vidareutvikla sentrumsområda i Eidfjord
- Leggja til rette for Hardangerviddatunnelane som alternativ trasé over Rv7 Hardangervidda

Innspela som vert gjeve i samband med folkemøta vil takast med vidare i prosessen med rullering av arealdelen. Innspela vert publisert for offentlegheita for å inkludera bygda i kva tankar som røra seg. Kva innspel me skal arbeida vidare med skal diskuterast og silast i prosjektgruppa.

Dokumentet vil på sikt vera eit kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i kommunal planlegging med til dømes nye timeplanar og reguleringsplanar.

## Innhold

Innleiing .....	2
Føremål med folkemøter .....	4
Folkemøte Bu .....	5
Folkemøte Sysendalen .....	8
Folkemøte Eidfjord + Simadal .....	10
Folkemøte Øvre Eidfjord .....	15

## Føremål med folkemøter

Eidfjord kommune starta opp prosessen med rullering av kommuneplanen sin arealdel i haust 2021. I løpet av våren 2022 utarbeida me eit planprogram for å setja rammene for planprosessen. Gjennom hausten 2022 har me gjennomført folkemøter i dei ulike bygdesentrene i kommunen; Bu, Eidfjord, Øvre Eidfjord og Sysendalen.

Folkemøta hadde fokus på dialog, tankar og innspel frå bygdas innbyggjare. Prosjektleiar for kommuneplanen sin arealdel gjennomgikk teoretisk kva arealdelen er og kva den inneber for kommunen og innbyggjarane for framtida. Det vert og orientert om prosessen vidare, og kva tidshorisont prosjektet har.

Kommunen stilte i folkemøtene med representantar frå prosjektgruppa og styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel. Representantane frå prosjektet gikk i dialog med oppmøtte deltakarane.

Folkemøta vert rigga med grupperingar, notatmoglegheiter og enkel matsservering. Det vart lagt opp til låg terskel for spørsmål, dialog og tankar. Det var lagt opp til samtale på borda, og moglegheit for felles drøfting i etterkant ved behov.

# Folkemøte Bu

Dato: 25.10.2022, Bu grendahus

Oppmøtte: 22 stk.

Innspel knytt til Bu:

- Få på plass solid infrastruktur, til dømes vass- og avlaup, straum, fiber
- Rasteplassen ved Hardangerbrua, ein utfordring pga. vedlikhald/ansvar, toalettkapasitet, ferdsel, camping
- Naustområde Busnes, klargjera retningsliner
- Stølsområde Bunuten, Nose/Vasslia, Bustjødnane: sikra rettar og retningsliner for utbygging
- Golfbane
- Interkommunal ungdomsskole på Bu
- Strukturert campingplass
- Sentralt bustadfelt
- Ambulansestasjon
- Kjøpesenter/handelsområde
- Båthavn Krokastø
- Restaurant/spiseplass ved Hardangerbrua
- Trailerstopp ved Hardangerbrua
- Leggja til rette i området rundt brua for utvikling
- Aktivitetspark barn/ungdom
- Opna for vidare utvikling av gardsbruk, skapa eigne arbeidplassar
- Meir fleksibilitet knytt til kva ein nyttar gardsbruk til, og kvar ein plassera driftsbygningar på bruket
- Omlastingsterminal lastebilgods

Innspel til kommunen generelt:

- Betra handelssituasjonen i Eidfjord, noko handelslekkasje til Kinsarvik. Større daglegvare, med gunstigare prisar
- Vinmonopol
- Næringsareal for å fremja ny næringsetablering. Til dømes kontorløysingar
- Heilhetlig sentrum i Eidfjord
- Gondolbane
- Utvikle Brimnes, i samarbeid med Statens vegvesen
- Regulera bubil i heile kommunen, oppstillingsplassar, tømning mm.
- Zipline i Simadal
- Gang- og sykkelveg langs Rv7 Bu-Eidfjord

Diverse:

- Kjøp/sal av hus/tomt, mogleg å ta direkte kontakt med grunneigarar

- Satse på næring knytt til opplevelser og reiseliv. Mange kvalitetar å nytta i Eidfjord
- Gatelys Ytre Bu
- Flytting av kommunegrenseskiltet (opplyst i møtet at Statens vegvesen har ansvar, dei bekrefta 25.10.22 at skiltet skal flyttast)
- Vedlikehald rundt Hardangerbrua
- Leggja linehøgspenn i bakken, kan frigjera areal
- Arbeidsplassar utanom servicenæringa

*I møtet vert det framlagt spørsmål på ark kvar dei oppmøtte kunne notera ned:*

#### **Kva elementer er viktig i kommunen?**

- Gode kommunale tenester (barnehage, skule, helse og omsorg)
- Lett tilgjengeleg turområde i nærmiljø
- God drikkevasstilhøver
- Betre butikkar, til dømes Vinmonopol, fleire små butikkar sylvsmed, blomar
- Samlingsplass for både unge og eldre
- Arbeidsplassar
- Aktivitetar for fastbuande
- Natur, dyreliv
- Mindre villcamping
- Næring og heilårsarbeidsplassar
- Nærleik til kommunesenteret
- Ope dører på kommunehuset
- Naturvern

#### **Kva ynskja du i kommunen?**

- Eit minimum av banktilbod
- Butikktilbod
- Gondolbane mtp. cruisebåttrafikk
- Naustområde med badeplass i nærområdet
- Golfbane
- Restaurering av gamlevegen i Måbødalen
- Fjerne bular frå parkeringsplassane
- Tannlege
- Gode kollektivtilbod
- Tak for tal cruiseskip
- Stopp i fritidsbustadbygging i Sysendalen
- Leggja til rette for unge som ynskja etablere seg og kjøpa bustad
- Butikkane i Eidfjord står seg saman i ein større eining
- Merka turløyper på Bu
- Gangfelt til bussterminalen på Bu
- Infoskilt om alt frå næring til gangsti – generell opplysing

- Engasjement til å driva aktivitet for born og unge
- Tilretteleggja bademoglegheiter i sentrum Eidfjord
- Fjerna «campingplass» på rasteplassen på Bu – mogleg etablera ein organisert camping
- Lys langs vegnettet på Bu
- Bustadtomter og næring på Bu
- Levande bygd – aktivitet
- Heilskaplege sentrumsområder

**Kvar dreg du? 1) På handel, 2) For rekreasjon, 3) Til strand, sjø eller vatn**

1) På handel

Eidfjord og Kinsarvik: mat, Voss: diverse

Eidfjord, Voss

Handling av mat i lågpriskjeder der ein er. Handla klede og utstyr på nett.

Viktig å bevare lokale småbutikkar, men må ikkje overprisast.

Voss, Eidfjord, Kinsarvik

2) For rekreasjon

Fjellet – jakt og fiske, til dømes Tinnhølen

Fjellet – jakt og fiske

Fjellet og sjøen. Viktig å bevare urørt natur og sikra enkel tilgang

Sjøen, fjellet, heima

3) Til stand, sjø eller vatn

Tinnhølen, Lågen, vatn i fjellet

Busnes, med fjorden der ein bur. Til stølen ved Busnesvatnet

Stavanes

Eidfjord, Kinsarvik

# Folkemøte Sysendalen

Dato: 29.10.2022, varmestova Sysendalen skisenter

Oppmøtte: ca. 60 stk.

Innspel knytt til Sysendalen:

- Stinett mellom fritidsbustadfelt
- Tilrettelegging av sti- og løyper sommar og vinter. Fleire stader, rundløyper, framkomst med vogn/rullestol, lyssetting
- Tilretteleggja for mjuke trafikantar
- Gang- og sykkelveg gjennom Sysendalen
  - Maurset-Leiro
  - Sykkelveg til Dyranut
  - Fossatromme-Fossli, rundløypa
- Gang- og sykkelveg frå Øvre Eidfjord til Fossli
- Vegkryssing av Rv7 i bru eller undergang. Generelt sikra vegkryssingar
- Bru over Bjoreio ved Maurset/Løken, elvekryssing både sommar og vinter
- Skiløypa sør for Bjoreio
- Betra parkeringsforholda ved Sysendalen skisenter
- Sikra kort veg til urørt natur
- Bevara urørt natur rundt fritidsbustadfelt
- Sikra eit alpinanlegg i Sysendalen – vidareføra arealføremål knytt til noverande alpinanlegg
- Sikra alpinanlegg på Maurset, i tillegg til alpinanlegg på Fet
- Utbetra området rundt skibakken/varmestova Sysendalen skisenter
- Stolheis/alpinanlegg til Grytehorga
- Offentleg parkering fleire stader i Sysendalen
- Permanent veg i fritidsbustadfeltet Geithaugen
- Opna for solceller på tak
- Meir næring i Sysendalen
- Lågare fartsgrensa gjennom Sysendalen
- Sikra trygg framkomst for gåande til butikkane vinterstid
- Reguleringsplan for rv7 gjennom Sysendalen, sjå på trafikken
- Serveringsstader dag- og kveldstid
- Tilgjengelege toalett ved løypenett og badeplassar
- Gondolbane ved Vøringfossen
- Benker
- Legga til rette for fiske i elv
- Skiarena ved Leiro bom
- Skapa miljø/fellesskap/felles arenaer
- Betre merking av stinett



- Fjerne motellbygning ved Maurset og gamle vegskilt gjennom dalen
- Lekeplass
- Sommeraktiviteter
- Badeplasser
- Akebakke
- Afteski
- Kveldskøyring i skitrekket
- Bærekraftig og balansert utbygging av fritidsbustader ift. Infrastruktur
- Avgrensa områder for overnatting/bubil/camping
- Bubilømmestasjon
- Tilretteleggja for fornybar energi
- Ynskjer tilrettelagt for aktivitetar, til dømes: badeland, klatrehall, sykling, zipline, tennis, skøytebane, tuftepark
- Fjellhall som kan nyttast til aktivitetar, konsertar
- Like føresegner/retningslinjer i reguleringsplanar hos ulike tomteutviklarar. Sikra like moglegheiter.
- Behalda opningar i autovern langs Rv, tilkomst fritidsbustader
- Skilting til gamlevegen brua ved Høel, kopla på gangveg

#### Innspel knytt til kommunen:

- Vedlikehald av gamlevegen opp Måbødalen
- Utbedra området mellom Eidfjord kommunehus og cruisekaien
- «Opna» Eidfjord for hyttefolket – til dømes tilgang på idrettshall, grasbane, basseng
- Vinmonopol
- Hardangerviddatunnelane – sikker veg aust-vest
- Heilårstilbod av tenester
- Plan for aktivitetsutvikling i Eidfjord
- Aktivitetar for fritidsbustadeigare, turistar, lokalbefolkning

#### Diverse:

- Samarbeid mellom grunneigarane, fokus på å skapa noko saman
- Eidfjord Resort har lagt dempar for utviklinga i «resten» av området
- Lite utvikling dei siste 20 åra, sett bort i frå tal fritidsbustader
- Positivt med lysløype, butikkar, elbil-ladestasjonar, løypenett vinterstid
- Møte med stølsområder som tema
- Leggja til rette for utflukter for cruiseturistar der ein ynskja ha det

*I Sysendalen vert det berre framlagt ark med spørsmål om tankar, idear og innspel. Dei fekk ikkje framlagt spørsmål «kva elementer er viktig i kommunen?», «kva ynskjer du i kommunen? og «kvar dreg du på handel, for rekreasjon og til vatn/sjø?». Det vert vurdert at møte får ei anna form enn dei typiske innbyggjarmøtene, då dette var mynta på fritidsbustadeigare.*

# Folkemøte Eidfjord + Simadal

Dato: 01.11.2022, samfunnshuset Eidfjord

Oppmøtte: ca. 60 stk.

Innspel:

- Bustadfelt på Bu
- Rassikring Simadalsvegen, mot Simadal
- Sikra skikryssingar i Sysendalen
- Skiløyper må sikrast i reguleringsplanar
- Betre gang- og sykkelveggar i sentrumsområda
- Trappesystem gjennom Hereidsbakkane
- Badeplass i sentrum
- Unngå at bustader vert nytta som fritidsbustader
- Tilretteleggja campingplassar, få has på villcamping
- Betre skilting i sentrum: toalett, turistkontor, legekantor – kart over sentrum
- Infoskilt om aktivitetar/stader i kommunen ved Kyskreo
- Betre parkeringssituasjon i sentrum, for lite parkering
- Parkeringsplasser for campingvogn/lastebil/større køyretøy på Kjerøyna
- Uoversiktlig trafikksituasjon sentrum
- Leikeplass/aktivitetsplass i sentrum, til dømes utfor gamleskulen eller i «Joker-skogen»
- Offentleg toalett i Sysendalen
- Ansiktsløft i sentrum
- Riva eksisterande bygg i sentrumsområda, byggja opp på ny
- Elbil-ladare flytta til Kjerøyna
- Bussterminal på Kjerøyna
- Flytta cruisekaien til Menes-sida
- Slå saman dagligvarebutikkene
- Flytta bilverkstedet frå sentrum – til Kjerøyna, Bu, industriområdet
- Industri på Bu
- Bygningar på cruisekaien, sjøfront bustader, næring
- Gang- og sykkelveg
  - o Frå Eidfjord til Simadal
  - o Frå Eidfjord til Øvre Eidfjord
  - o Frå Eidfjord til Bu
- Halda på ambulansestasjon i Eidfjord sentrum
- Aktivitetar for familien
- Aktivitetspark: frisbeegolf, tennis, bordtennis, klatring
- Lagerlokaler til stort og smått, til privat og næring
- Bustad i fleire storleikar, til dømes etablerarbustader
- Omsorgsbustader for barn og unge
- Hardangerviddatunnel

- Bustadfelt Stavaness
- Bustadfelt Vassbakkane
- Aktivitetspark i Ostangen
- Lågare fartsgrense gjennom Eidfjord sentrum
- Heva Rv7 over Eidfjord sentrum på søylar/bru. Gje tilgjengeleg areal
- Næringsareal i sentrum
- Viktig med minst to dagligvarebutikkar i Eidfjord
- Fleire butikkar
- Meir aktivitet i sentrum for alle – innbyggjare, turister, hyttefolk
- Meir aktivitet for ungdom
- Næringsareal på Bu
- Rette ut svingen på Rv7 frå Bygger'n til Kjerøyna
- Eldre ferdselsveggar må oppgraderast/opprettholdast
- Buplikt i bustadområder
- Tilretteleggja i sentrum for aktivitet, leikeplass, grøntareal, mjuke trafikantar
- Heilskapleg plan for Bu
- Minihus/mikrohus til bustad og fritidsbustader
- Fortetting i sentrum mtp handel/næringsareal
- Forbetra infrastruktur gjennom Eidfjord
- Fleire HC-parkeringar
- Badebasseng i Ostangen
- Reduksjon cruiseskip
- Vinmonopol
- Nytt tomteland
- Sikker veg til Simadal med tunnel
- Fjerna tursti frå bustadfeltet i Smievegen
- Nytt bustadområde over Bergsliskorane
- Ikkje nedbygging av jordbruksareal
- Ikkje meir hyttebygging enn det som allereie er godkjent i dag
- Betra parkeringsforhold på/ved Kråkeskarvet og Stavaness
- Stenging/strengare regulering av trafikken på Tinnhølvegen
- Handheving av bu- og driveplikt på gardsbruk (for å forhindra at det vert kjøpt opp til feriehus)
- Nytt område i Ostangen
- Nytt område på Kjerøyna
- Sauna/badstu
- Utnytte alpinbakken sommertid, til dømes sykkelkøyring
- Langrennsstadion
- Trafikksikra køyrevegen opp til Hereid mtp. skulebarn, turistar
- Heilårs aktivitetstilbod i kommunen
- Gondolbane Vindoksla
- Utvida alpinanlegget på Maurset
- Omlegging av Rv7 om Lægreid
- Parkering Hjølmoberget

- Naustareal langs sjøkanten rundt Gamlenausta
- Strandpromenade frå Ostangen til Kråkeskarvet
- Næringsareal mellom Kjerøyna og Kvernhusøyna/BunkerOil
- Sikring av Eio, sikring av flaumfare for bustadareal
- Fleire, nye kraftkjelder; vasskraft, vindkraft
- Energieffektive fritidsbustader
- Bu tettare, mindre einingar

Diverse:

- Fordel at sentrum er kompakt, samlede funksjoner
- Koordinera betre samarbeid mellom utvikling og byggesak i kommunen
- Arbeidsplassar
- Skibuss vinterstid
- Diskusjon om mengden tustister – vi, dem, oss
- Eidfjord er arbeidskommune for omliggande kommuner
- Utvida til heilårssesong turisme, spreie utover
- Snart nok turister og fritidsbustader. Ta vare på dei me har
- Ikkje ta meir areal mot Hardangervidda
- Tenke over kva turistar me vil ha

*I møtet vert det framlagt spørsmål på ark kvar dei oppmøtte kunne notera ned:*

**Kva elementer er viktig i kommunen?**

- Bustadareal, både leiligheiter i ulike storleiker og einebustader
- Bukvalitet
- Næringsareal på Bu
- Naustområde
- Næringsareal senturmsnært
- Null konsesjon i enkelte områder
- Fokus på kanalisering av ferdsel i fjellet – turister, besøkende, fritidsbustadeigare
- Sikra jakt- og fiskerettar for innbyggjarane
- Viktig å ta omsyn til regional plan for Hardangervidda
- Viktig å ta omsyn til sti- og løypeplan for Hardangervidda
- Naturen: noko offentlig/turistvennlig, noko fredeleg/privat
- Nytt reinseanlegg i Sysendalen
- Me invitera til å bo, besøka, cruise, landbruk. Må fylgja opp med å tilretteleggja infrastruktur, helse og tenester
- Friluftsliv
- Parkering, dra sentrum opp mot Kjerøyna
- Tilretteleggja for sykkel som transportmiddel
- Parkering for gruppereisande, bussar, arrangement, tilhengarar
- Fritidstilbod, alle aldersgrupper
- Trivsel
- Trafikksikkerheit

- Vinmonopol
- Gang- og sykkelveggar
- Næringsareal
- Arbeidsplassar
- Ambulansestasjon
- Ta vare på naturen og friareal

### **Kva ynskja du i kommunen?**

- Dyranuttunnel
- Bru over Eio frå Soget til Hereid
- Heilårs gang- og sykkelveg frå Eidfjord til Øvre Eidfjord
- Heilårs gang- og sykkelveg frå Eidfjord til Stavaner, vidare til Simadal
- Heilårs gang- og sykkelveg frå Eidfjord til Bu
- Motocrossbane i Simadal
- Identitetsbygging av Eidfjord, kva er unikt me oss?
- Tuftepark utanfor Gamle skulen
- Grøntareal langs fjorden
- Vedlikehald/opning av gamlevegen i Måbødalen
- Heilskapleg arkitektonisk, klassisk/tradisjonell sentrumsprofil
- Folk i bustadene
- Ryddige gater og friområder
- Bussparkering og toalett på Brimnes
- Leikeplass og grøntområder for mjuke trafikanter i sentrum
- Meir beplantning på bru og gjerder, attraktive gangsoner
- Areal for næring: matvogn, aktivitetvogn – utenfor sentrum, mogleg Kjerøyna
- Areal for mikro/minihus
- Areal for økologisk dyrking. Adelsgardar i Simadal og/eller Øvre Eidfjord
- Utvikling på Bu: handel, institusjon, skule, helsehus
- Parkanlegg i Ostangen: grillområde, aktivitetspark, leikeplass, fontener, vatnanlegg, treningsapparatet, scene
- Institusjon for barn og unge
- Næring som tek opp handelslekkasjen
- Ikkje stenge inne fjordutsikta, ikkje bygge for høgt i sjøkanten
- Heilårsarbeidsplassar – utvide turistseongen
- Skapa stoppeeffektar
- Sentrum: barnevennleg, aktivitet i Ostangen, toalettløysing mellom verkstad og Joker

### **Kvar dreg du? 1) På handel, 2) For rekreasjon, 3) Til strand, sjø eller vatn**

#### 1) På handel

Ungdom handlar lokalt på Coop og Joker. Vaksne handlar på Voss, Kiwi, Rema  
Voss er «byen»

Voss, evt. Bergen

Voss, Kinsarvik, Odda, Bergen, Geilo

Voss, Kinsarvik og lokalt

2) For rekreasjon

Til fjells

Bruker nærområdet i egen kommune

Kinsarvik

Til fjells: Hjølmo, Krossdalen, Hardangervidda

Bergen

Eidfjordvatnet

I bygda: Hereid, Simadal, Kvamsdalen, Hjølmo, fjellet

Utanfor bygda: austlandet, syden

Til fjells eller skogs – tur i turløyper, til dømes rundt Hereid

Bergen

Resten av Hardanger, Voss. Utfordrende med kommunikasjon med ferje, buss i Hardanger.

3) Til strand, sjø eller vatn

Med båt til Ulvik

Kråkeskarvet, Stavanes, Eidfjordvatnet

Eigen kommune

Ulvik kommune

Syden

Stavanes, Eidfjordvatnet, Kråkeskarvet, Simadal

Sørlandet, Sandefjord

Kråkeskarvet, Stavanes, Eidfjordvatnet

Stavanes, lokale plassar med fiskestonga, utlandet

# Folkemøte Øvre Eidfjord

Dato: 03.11.2022, Hardangerviddahallen

Oppmøte: 48 stk.

Innspel:

- Rundkøyning i Øvre Eidfjord, for å få ned farta gjennom bygda
- Ladestasjonar i Øvre Eidfjord
- Gang- og sykkelveg mellom Eidfjord og Øvre Eidfjord
- Eidfjord kommune bør overta ansvar for gamlevegen mellom Eidfjord og Øvre Eidfjord, samt i Måbødalen. Dette for å få opna opp for ferdsel.
- Nytt bustadfelt på Evjo bør gjerast om til næringsareal. Passar inn med næringsarealet som er på Lægreid i dag.
- Masseurttak på Tveito
- Næringsareal på/ved Sæbø gamle skule
- Nok med det tal fritidsbustader i Sysendalen som ligg i planane i dag
- Bussparkering og offentlig bubilparkering på Kjerøyna
- Vinmonopol
- Meir parkering i sentrum
- Gangveg frå skytebanen til Finnasteinsflåten
- Betra veg og parkering knytt til Hjølmovegen/Hjølmoberget
- Begrensa bruk av Hjølmovegen og Tinnhølvegen
- Leggja til rette for fleire aktivitetstilbod
- Miljøstasjon på Mylningstveiti
- «Evakueringsbustader» for Øvre Eidfjord, i samband med Tussafoten
- Vurdera landbruksdrifta mot turisme, til dømes gjødsling
- Zipline ned Hjølmodalen
- Fleire bustader
- Betre butikksituasjon, fleire butikkar
- Hestaveg over Varbergshaugen opp på sørsida av Bjoreio
- Gang- og sykkelveg opp Måbødalen
- Toalettløysing på Hjølmoberget
- Tømmestasjon bubil og buss
- Bustad i Leirvikane
- Forbetra sentrumsområda, stramma opp infrastrukturen knytt til veg, fortau
- Bussparkering og toalett på Kjerøyna
- Aktivitetsstopp i Øvre Eidfjord
- Tilgang på større næringsareal
- Dyranuttunnel
- Masseurttak i Storure og Satupo
- Nytta Sæbø skule til næringsområde/lokale
- Sikra fjellet for innbyggjarane; jakt og fiske, ferdsel
- Hytteutbygging i Sysendalen

- Sikra areal for «opprinneleg» friluftsliv på Hardangervidda
- Tilrettelegging for ferdsel gjennom sti og løypenett
- Hardangerviddatunneller
- Oversikt over bebyggelse i stølsområder, forvalta retten
- Ynskjer utvikling i Ostangen
- Ynskjer utvikling på Kjerøyna
- Sjølvbetjent butikk
- Bomveg på Hjølmovegen
- Regulering av bubil
- Bowlingbane
- Skytetreningssrom Sæbø skule
- Klatrepark

*I møtet vert det framlagt spørsmål på ark kvar dei oppmøtte kunne notera ned:*

#### **Kva elementer er viktig i kommunen?**

- Minibank
- Ambulansestasjon i Eidfjord sentrum
- Mobildekning i fjellet
- Stirydding
- Arbeidsplassar
- Lys i bustader
- Tilgjengelege bustadtomter
- Sosiale møtestader
- Basistjenester: helse og omsorg, skule, handel
- Oversiktleg trafikksituasjon i sentrum
- Trygge gang- og sykkelveggar – til Stavanes og Øvre Eidfjord
- Rv7 – ferdsel aust-vest
- Minibank og nattsafe for næringslivet
- Reinsjakta
- Tryggleik for barnefamiljar
- Møtestader for innbyggjarar
- Attraksjonar og aktivitetar knytt til reiseliv
- Heilårsarbeidsplassar
- Gode transportmoglegheiter via offentleg transport
- Open idrettshall
- Gode og trykke skuler og barnehagar

#### **Kva ynskja du i kommunen?**

- Trygge gang- og sykkelveggar – til Stavanes og Øvre Eidfjord
- Heilårsarbeidsplassar
- Tunnelar over Hardangervidda
- Aktivitetsstopp i Øvre Eidfjord, i tilknytning til ladepunkt
- Marknadsføra Eidfjord som arena for næring
- Leilegheitsbygg og mindre einingar, ulike bustadmasse



- Nytta Kvernhusøyna til næringsareal
- Aktivitetspark rundt Norsk Natursenter
- Merka tursti til Øktarnuten
- Tunnelar over Hardangervidda, dagens Rv7 som sommar/turistveg
- Handelsområde på Bu
- Større parkeringsplass på Hjølmoberget
- Kjempehuske på Varbergshaugen
- Ramme på gamlevegen opp mot Øvre Eidfjord, ved tunnelmunning Eidfjordtunnelen
- Møtestad i Øvre Eidfjord, for nabolag
- Møtestad i form av butikk, bensinstasjon, skule, barnehage, leikeplass i Øvre Eidfjord
- Trekke til oss bedrifter med mange arbeidsplassar
- Tannlege
- Lengre opningstider i næring
- Bustadområde vidare i Steinbrotet, og mot Vindoksle
- Snøskuterbane
- Dyranuttunnel
- Lyssett løypenett i Sysendalen
- Nytting av «Joker»-skogen
- Ladestasjonar på Kjerøyna
- Sauna ved fjorden
- Oppvarma basseng ved fjorden
- Psykisk helseteneste
- Parkanlegg i Ostangen
- Utescene i Ostangen
- Nærmiljøanlegg i Øvre Eidfjord
- Oppgradering av leikeplassar i Øvre Eidfjord
- Gangfelt over Rv7 på Bu, ved busstasjonen
- Sti får dagsturhytta til Stiganes
- Bru over Eio ved Soget

**Kvar dreg du? 1) På handel, 2) For rekreasjon, 3) Til strand, sjø eller vatn**

1) På handel

Eidfjord: Coop, Joker

Voss og Odda

Voss, Bergen

Voss, Geilo

Nedre Eidfjord, Ulvik, Voss

Spesielle innkjøp: Voss, daglegvare: Eidfjord

2) For rekreasjon

Til fjells

Grillhuset i Lund

Utlandet

Til fjells

Bergen

Fjellet

Voss, Bergen

Lette turar på Hardangervidda

Fjellet, eller Eidfjorden

3) Til strand, sjø eller vatn

Stavanes, Kråkeskarvet, Syden

Fjellet

Ulvik

Fjellvatn, Kråkeskarvet

Øktarnuten

Liset-Stakseng-Garen

Diverse:

- Mange ledige/tomme bustader i Hagavegen
- Fokus på arbeidet å fremja Eidfjord som nasjonalpark kommune
- Sikra at fastbuande ikkje vert utkonkurrert av fritidsbustadeigare på bustadmarknaden